

Forskrift om avfall frå hushald


i kommunane

Askvoll

Fjaler


Hyllestad

Sunnfjord



Innhold

§ 1. Formål	3
§ 2. Mynde.....	3
§ 3. Verkeområde	3
§ 4. Definisjonar	5
§ 5. Innsamling av avfall frå hushald og fritidseigedommar.....	8
5.1. Kommunal innsamling.....	8
5.2. Tømming av oppsamlingseiningar.....	9
5.3. Oppsamlingseiningar	9
5.4. Avfall til gjenvinningsstasjon og returpunkt.....	10
§ 6. Krav til køyrbar veg	10
§ 7. SUM sine plikter	10
§ 8. Avfallsgebyr.....	11
8.1. Gebyrplikt	11
8.2. Fellesanlegg, reduksjon og fritak.....	12
§ 9. Renovasjonsteknisk planlegging	13
§ 10. Sanksjonar	13
§ 11. Tilsyn, kontroll og straff.....	13
§ 12. Klage.....	14
§ 13. Unntak frå forskrifta	14
§ 14. Ikraftsetjing.....	15



Med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 5-4 og lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureining og om avfall (ureiningslova) §§ 30, 34, 37, 48, 49, 73, 79, 80 og 83 har kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord vedtatt denne forskrifta.

	Askvoll	Fjaler	Hyllestad	Sunnfjord
Dato	18.2.2021	17.12.2020	17.12.2020	10.12.2020
Saksnr	08/21	144/20	20/085	121/20

§ 1. *Formål*

Forskrifta skal sikre ei miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling og behandling av avfall frå hushald. Den skal også sikre kommunane sine forpliktingar i samsvar med lovverket og dei til ei kvar tid gjeldande planer for avfallsområdet. Forskrifta skal også hindre ulovleg innsamling av avfall frå hushald.

§ 2. *Mynde*

Sunnfjord Miljøverk IKS er av kommunestyra i eigarkommunane tildelt einerett for handtering av renovasjonsordninga etter denne forskrifta.

Med heimel i ureiningslova § 83 delegerer kommunane mynde til å treffe enkeltvedtak etter denne forskrift til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM).

§ 3. *Verkeområde*

Forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedommar i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord som er registrert som privat hushald i samsvar med ureiningslova § 30. Medrekna er også kvar einskild seksjonert del av bygning og kvar einskild sjølvstendig bueining i bygning. Hushaldsavfall som oppstår i hytter og fritidseigedommar er også omfatta av forskrifta.

Forskrifta omfattar kjeldesortering, oppbevaring, innsamling og behandling av avfall samt fastsetting av avfallsgebyr. Forskrifta gjeld:


1. Alle typer avfall som kommunen etter ureiningslova eller ved delegering frå overordna ureiningsmynde er gjeve mynde over.
2. Alle hushald og verksemder i kommunen kor det oppstår slikt avfall, jf. pkt. 1.

Ved tvil avgjer Sunnfjord Miljøverk IKS kva som er avfallsgebyrpliktige bustadar og hytter med vidare.

Forskrifta gjeld også avfallsgebyr, og gir føresegner om verkeområde og prinsipp for gebyrfastsetting.

SUM kan utarbeide nærmare retningslinjer for gjennomføring av forskriftas føresegner, og fastsette detaljkrav til bl.a. (lista er ikkje uttømande)

- Sortering og vilkår for handtering av avfall
- Tilkømt, køyrbar veg, snuplass og trillebane m.m.
- Oppstillingsplass, avfallshus, avfallsrom og nedgravne løysingar
- Bruk av gjenvinningsstasjonane
- Oppfølging av forskrifta



§ 4. Definisjonar

Abonment	Eigar eller festar av eigedom som er omfatta av kommunal renovasjonsordning.
Avfall ¹	Lausøyregjenstandar eller stoff som nokon har kassert, har til hensikt å kassere eller er forplikta til å kassere. Avløpsvatn og avgassar blir ikkje rekna som avfall.
Avfall frå hushald ²	Avfall frå private hushald og fritidseigedommar medrekna større gjenstandar som inventar og liknande.
Avfallsgebyr ³	Gebyr vedtatt av kommunen til dekking av kostnad med handtering av avfall frå hushald.
Avfallsløysing	Samleomgrep for SUM sine oppsamlingseiningar som t.d. behaldarar og konteinrar.
Avfallshus	Eige hus for oppbevaring av oppsamlingseiningar
Avfallsrom	Eige rom for oppbevaring av oppsamlingseiningar
Behaldar	Eining for oppsamling av avfall frå hushald mindre enn 1000 liter.
Bioavfall	Matavfall, hageavfall og anna biologisk avfall frå hushald som kan bli brote ned og er eigna for kompostering, biogassproduksjon e.l.
Bringeordning	Når kunde leverer kjeldesortert avfall til returpunkt eller gjenvinningsstasjon.
Bueining	Brukseining som er registrert som bustad eller bueining i matrikkelen.
EE-avfall	Alt avfall av produkt som går på straum eller batteri.
Eigedom ⁴	Kvar registrerte grunneigedom eller seksjonert del av slik eigedom der det oppstår avfall frå hushald. Dette omfattar også eigedommar som ikkje blir nytta regelmessig, t.d. fritidseigedommar, hytter, støl, rorbu/naust, campingvogn og liknande.
Eigar ⁵	Eigar eller fester av eigedom.
Farleg avfall	Avfall som er klassifisert som farleg avfall i avfallsforskrifta § 11-2
Felles avfallsanlegg	Avfallsanlegg og infrastruktur som kan betene fleire eigedommar eller hushald.

¹ Jf. Ureiningslova § 27, 1. avsnitt

² Jf. Ureiningslova § 27a, 1. avsnitt

³ Jf. Ureiningslova § 34

⁴ Se Ot.prp.nr.87 (2001-2002) pkt. 2.2 og pkt. 2.6.2, LG 2009.114892 side 10 flg.

⁵ Konf. Ureiningslova § 34, 4. avsnitt

Fritidseigedom	Bueining som blir nytta i fridtidssamanheng og ikkje blir nytta som fast bustad.
Gebyrforskrift	Forskrift om gebyr for avfall frå hushald i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord.
Gjenvinning ⁶	Eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kommer til nytte ved å erstatte materialar som elles ville blitt brukt eller at avfall har blitt førebudd til dette.
Gjenvinningsstasjon ⁷	Kommunalt mottak for levering av avfall, t.d. elektrisk og elektronisk avfall, farleg avfall, samt avfall som ikkje er del av henteordninga.
Hentestad	Stad for plassering av behaldar på tømmedag.
Henteordning	Innsamling der kjeldesortert avfall frå hushald blir henta hos kunden av SUM.
Heimekompostering	Abonentens eigen kompostering av bioavfall.
Husvære	Ein av fleire bustadar i ei bueining med eigne rom for eige hushald.
Innsamling ⁸	Når SUM samlar inn avfall hos eigar eller når eigar eller kunde leverer avfall til eit av SUM sine mottak eller returpunkt.
Kjeldesortering	Sortering av avfall hos avfallsprodusent før levering til gjenvinning.
Kompostering	Biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang.
Konteinar	1 000 liter og større eining for oppsamling av avfall frå hushald.
Kunde	Ein kvar som leverer avfall frå hushald til SUM.
Køyrbar veg	Privat eller offentleg veg som er i slik stand at renovasjonsbil på tømmedagar kan komme fram til hentestad, tømme oppsamlingseining og snu på forsvarleg måte jf. renovasjonsteknisk rettleiar.
Nedgravne avfallssystem	Heilt eller delvis nedgraven oppsamlingseining for avfall frå hushald.
Næringsavfall ⁹	Avfall frå offentlege og private verksemder, institusjonar, lag, foreiningar mv. Alt avfall som ikkje er avfall frå hushald blir rekna som næringsavfall.
Oppsamling	Samla oppbevaring av avfall frå hushald i behaldar eller konteinar før innsamling av renovatør.


⁶ Jf. Ureiningslova § 27a, 4. avsnitt

⁷ Jf. Ureiningslova § 29, 3. avsnitt

⁸ Jf. Ureiningslova § 30, 1. avsnitt, 1. setning

⁹ Jf. forurensningsloven § 27a, 2. avsnitt

Oppsamlingseining	Samla omgrep for eining som blir nytta for oppsamling av avfall frå hushald.
Overflateeining	Behaldar eller konteinar som står på bakken.
Oppstillingsplass	Sted for plassering av behaldar utanom tømmedag.
Renovasjon	Innsamling, oppsamling og bortkøyring av avfall frå hushald.
Renovasjonsforskrift	Forskrift for avfall frå hushald i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord.
Renovasjonsteknisk plan (RTP)	Heilskapleg plan for korleis praktisk renovasjon skal settast i verk og gjennomførast. Planen skal utarbeidast av tiltakshavar i samsvar med SUM sin renovasjonstekniske rettleiar.
Renovasjonsteknisk rettleiar	
Renovatør	Person som betener renovasjonsbil og som står for tømning av abonnentanes oppsamlingseining.
Restavfall	Avfall frå hushald som det ikkje er oppretta egne sorteringsordningar for.
Returpunkt	Allment tilgjengeleg mottak for levering av kjeldesorterte avfallstyper for private hushald. Næring må bruke andre løysingar.
SUM	Fellesnemning for SUM IKS og dotterselskap som utfører oppgåver knytt til renovasjon av avfall frå hushald.
Trillebane	Veg eller grunn der renovatør skal transportere oppsamlingseining mellom hentestad og renovasjonskøyretøy.
Tømmedag	Den dagen abonnentane i samsvar med tømmeoversikt skal få utført tømning av oppsamlingseining.
Tømmeoversikt	Oversikt med dato for tømning av oppsamlingseining.



§ 5. *Innsamling av avfall frå hushald og fritidseigedommar*

5.1. Kommunal innsamling

Etter ureiningslova § 30, 1. ledd, er det tvungen renovasjon for den type avfall kommunen har ansvar for. Tvungen renovasjonsordning gjelder også for hytter og fritidshus, samt bedriftshytter og andre bygningar som blir nytta som fritidshus.

SUM kan sjølv stå for innsamlinga av avfall som er omfatta av denne forskrift, eller sette det ut til andre etter avtale. Utan SUM sitt samtykke må ingen samle inn avfall frå hushald.

Abonnentar skal nytte SUM sine behaldarar, containrar eller felles avfallsanlegg etter tilvising og pålegg frå SUM. Abonnent er økonomisk ansvarleg for utlevert behaldar, containrar eller felles avfallsanlegg ut over normal slitasje og elde.

Fritidseigedommar leverer avfall til oppsamlingsplass fastsett av SUM. Etter søknad kan fritidseigedom få utlevert restavfallsbeholdar eller delta i ordinær renovasjonsordning som for bustadeigedommar.

Behaldarane høyrer til eigdommen og skal ikkje takast med ved flytting.

Alle bustadar, fritidsbustadar etc. skal ha det tal behaldarar som SUM bestemmer. Ingen bustadar kan være utan behaldar.

SUM kan pålegge fleire abonnentar å bruke fellesbeholdarar, nedgravne avfallssystem eller andre liknande renovasjonsordningar når dette er hensiktsmessig.

SUM kan tinglyse vegrett, bruksrett, vedlikehaldsrett og utskiftingsrett til avfallsbeholdarar og avfallssystem som står på både offentleg og privat grunn.

Endring av abonnement til andre behaldarstorleikar skal som hovudregel berre skje etter bestilling frå abonnenten. Innanfor ramma av lovverket og denne forskrifta, kan SUM pålegge abonnentane andre ordningar enn dei som først var godkjent dersom det viser seg at avfallshandsaminga ikkje er forsvarleg. Mellom anna kan abonnenten påleggast å auke behaldarvolumet.

SUM kan pålegge abonnentar å bruke fellesanlegg som til dømes nedgravne avfallssystem, containrar eller liknande renovasjonsordningar.

SUM kan vedta ytterlegare innsamlings- og mottaksordningar for spesielle avfallstyper.

5.2. Tømming av oppsamlingseiningar

Behaldarar må plasserast slik at dei ikkje er til sjenanse for andre verken ved oppbevaring eller i forbindelse med tømming. I periodar med snø og is kan det være nødvendig å ha ei anna plassering av behaldarar enn resten av året. Der plassforhold ikkje gjer det mogleg å plassere ut nok behaldarvolum kan SUM pålegge abonnentane å nytte fellesanlegg.

Abonentane skal rette seg etter rettleiing frå SUM når det gjeld korrekt plassering av behaldarar, sjølv om dette måtte avvike frå prinsipp i denne forskrifta eller renovasjonsteknisk rettleiar.

Behaldarar skal plasserast slik at handtak vender mot gata når den blir satt fram for tømming viss ikkje anna er anvist av SUM. Renovatør skal etter tømming sette behaldaren tilbake til oppstillingsplassen. Avfall skal plasserast i behaldaren slik at lokket er lukka.

Behaldarar skal plasserast på så fast underlag som mogleg slik at dei kan bli trilla av renovatøren utan å måtte bli løfta. Der det er tilrettelagte oppstillingsplassar for behaldarar pliktar renovatøren å tømme behaldarar som er på den aktuelle oppstillingsplassen.

Behaldarar må være satt fram til kl. 07.00 på tømmedag. SUM avgjer tømmeffrekvens og tømmedag for dei einsskilde avfallsbeholdarane.

Abonentane pliktar å følgje med på kunngjeringar for avfallstømming i høgtider og ved rørelege heilagdagdar.

SUM sine renovatørar er berre pliktige å ta med avfall som er plassert i godkjent oppsamlingseining. Oppsamlingseining skal ikkje være overfylt og alt avfall skal plasserast oppi oppsamlingseininga. Det skal ikkje plasserast avfall ved sida av oppsamlingseiningane.

Tømming skal utførast slik at abonnenten eller andre ikkje blir unødig sjenert av støy. Behaldarar skal etterlatast med lokket på og på same stad etter tømming. Eventuelt søl frå tømminga skal fjernast av renovatør.

5.3. Oppsamlingseiningar

Alle avfallsbeholdarar og nedgravne avfallssystem er SUM sin eigedom. Investering og etablering av nedgravne avfallssystem i utbyggings- og fornyingsområder vil måtte kostast av utbygger. Utbygger er ansvarleg for byggeløyve og eventuelt andre nødvendige løyve til å

etablere avfallssystemet. Avfallssystemet må bestillast frå SUM, det er ikkje høve til å bestille løysing direkte frå leverandør.

Etter ferdigstilling av anlegget, overtar SUM eigedomsretten til anlegget og ansvar for ordinære drifts- og vedlikehaldskostnader. SUM kan bestemme at enkelte deler av anlegget skal være privat eigd, t.d. betongelement for nedgravne løysingar. Dersom kapasiteten på anlegget er tilstrekkeleg, kan SUM etter overtaking knytte til andre abonnentar i området. Dette gjeld uavhengig av eigedomsretten til grunnen der anlegget er plassert.

SUM er ansvarleg for drift og vedlikehald av avfallsbeholdarar og nedgravne avfallssystem. Abonnentane er som hovudregel ansvarleg for reinhald og snørydding ved behaldarar og nedgravne avfallssystem.

5.4. Avfall til gjenvinningsstasjon og returpunkt

SUM kan ved generelle føresegner eller gjennom enkeltvedtak stille krav til abonnent om kjeldesortering og leveringsmåte for ulike deler av avfallet, medrekna levering av kjeldesortert avfall til gjenvinningsstasjon eller returpunkt.

§ 6. Krav til køyrbar veg

Som krav til køyrbar veg blir rekna veg som oppfyller krav til tilkomstveg, utkøyringsveg, vendehammar og oppstillingsplass for lastebil(K) jf. Statens vegvesens handbok N100, og bruksklasse 10 (BK10). Alle køyreområder må være dimensjonert til å tole 32 tonn. Vinterstid kan glatt veg e.l. føre til at veg eller gate ikkje kan reknast som køyrbar veg. Ved tilfelle der veg ikkje er køyrbar, kan SUM krevje at abonnenten plasserer behaldar til annan køyrbar veg eller annan anvist samle plass.

§ 7. SUM sine plikter

SUM skal sørge for at abonnenten har et hygienisk og effektivt tilbud for å bli av med sitt avfall.

SUM skal sørge for at det eksisterer et tilstrekkeleg tilbud for mottak av farleg avfall frå hushald og verksemder med mengder farleg avfall under grensa som til ei kvar tid gjelder i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

SUM avgjer plassering av behaldar, containar og avfallsanlegg for hushald.

SUM avgjer plassering av returpunkt for hytterenasjon.

SUM skal sørge for at det eksisterer et tilstrekkeleg tilbod for mottak av EE-avfall frå hushald. SUM skal også ta imot EE-avfall som er næringsavfall, men kan krevje vederlag for mottaks- og lagringskostnader.

§ 8. *Avfallsgebyr*

8.1. Gebyrplikt

Abonnentane som er omfatta av denne forskrifta skal betale avfallsgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. SUM avgjer på vegner av kommunen om ein eigedom er gebyrpliktig og kven som er ansvarleg for å betale gebyret.

Avfallsgebyret gjeld for heile kalendermånader og frå den første dagen i den månaden eigdommen blir gebyrpliktig.

Heimelshavar skal betale gebyr ut frå kor mange hushaldingar som tilhøyrar eigdommen. Som eige hushald er rekna eigedom eller del av eigedom som kan brukast som stad for kvile og matstell, separat og uavhengig av kvarandre. SUM avgjer kor mange gebyr kvar einskild eigedom skal betale gebyr for.

Det skal bereknast separat gebyr for følgande einingar/bygningstypar

1. Bustad
2. Part i burettslag
3. Eigarseksjon i sameige
4. Hybel/husvære i permanent bustad
5. Husvære i kollektiv med felles kjøkken
6. Rom i leilighetshotell, hospits og internat med få eller ingen fellestenester
7. Anleggsbrakke nytta som bustad lenger enn 3 månader
8. Fritidsbustad
9. Koie, seterhus og liknande

Dersom fleire hushald deler kjøkken, skal det betalast eit avfallsgebyr for 1-3 hushald, to avfallsgebyr for 4-6 hushald, tre avfallsgebyr for 7-9 hushald, og så vidare.

SUM skal sjå til at opplysningar om eigedom og tal hushald er riktig før det blir fatta vedtak om avfallsgebyr. Eigar har eit sjølvstendig ansvar for at SUM har riktige og relevante opplysningar om eigdommen.

Ved feil i fakturagrunnlag kan SUM korrigere avrekninga inntil 3 år tilbake i tid.

SUM fakturerer og krev inn gebyr etter denne forskrifta.

Renovasjonsgebyr med påkomne renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelovens § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling, tilbakebetaling og inndrivning av renovasjonsgebyr gjelder reglene i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarende.

8.2. Fellesanlegg, reduksjon og fritak

Etter søknad kan to einingar kan gå saman om å dele dunkar. Kvar eining betalar eige abonnement og blir kvar innvilga reduksjon for deling av gebyr jf. gebyrforskrifta.

Etter søknad kan burettslag, sameige o.l. få innvilga felles avfallsløysingar. Kvar eining i burettslaget, sameige o.l. blir då innvilga reduksjon i gebyret. Reduksjonen for kvar eining er tilsvarende som reduksjon for deling av dunk knytt til ordinært abonnement jf. gebyrforskrifta.

SUM kan innvilge reduksjon i ordinært gebyr for heimekompostering. Heimekompostering kan berre skje etter skriftleg avtale med SUM og i behaldar godkjent av SUM. All heimekompostering skal skje på ein hygienisk tilfredsstillande måte og utan sjenanse for naboar eller andre. Abonnenten må disponere tilstrekkeleg stort bruksareal der ferdig kompost kan nyttast. Abonnentar med frådrag for heimekompostering skal skilje ut alt organisk avfall til kompostering og vil ikkje kunne disponere dunk for kjeldesortering av organisk avfall. Ved brot på komposteringsavtale kan SUM annullere avtalen og fjerne frådrag i renovasjonsgebyret. Frådrag for heimekompostering er personleg og følger ikkje eigdommen.

Eigedommar som er fråflytta og ikkje mogleg å bu i kan etter søknad få fritak for renovasjonsgebyr. Søker må dokumentere at eigdommen ikkje kan nyttast til å bu i og at den er fråflytta.

Fastbuande på stader utan vegforbindelse kan søke om å nytte same løysing som for hytterrenovasjon.

§ 9. Renovasjonsteknisk planlegging

Den som fremjar framlegg til reguleringsplan, utbyggingsplan eller byggesak i kommunen, pliktar i medhald av Plan- og bygningslova å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planframlegget omfattar.

Renovasjonsteknisk plan skal utarbeidast i samsvar med renovasjonsteknisk rettleiar.

§ 10. Sanksjonar

SUM kan pålegge abonnenten å auke behaldarvolumet viss det er vurdert som naudsynt for å sikre tilstrekkeleg sortering av avfallet, eller forhindre at avfall blir oppbevart eller disponert på ein ikkje føremålstenleg måte.

Ved feilsortering av avfall i medhald av denne forskrifta, renovasjonsteknisk rettleiar eller SUM sine gjeldande ordningar, vil det bli gitt melding til abonnenten om retting av forhold. I slike tilfelle kan SUM på abonnentens rekning stå for separat innsamling og sortering av det feilsorterte avfallet. Ved gjentakande feilsortering kan SUM pålegge endring av abonnement.

SUM sin renovatør kan nekte å tømme avfallsbehaldarar som er overfylte, for tunge eller på annan måte fylt opp i strid med SUM sine ordningar.

§ 11. Tilsyn, kontroll og straff

SUM kan foreta tilsyn og kontroll for å sikre gjennomføring av føresegnene i denne forskrifta.

SUM kan kontrollere at avfallseiningar blir brukt i samsvar med forskrifta.

Ved kontroll, kan SUM bruke offentleg informasjon og eige abonnentregister. Kontroll kan også gjennomførast via offentleg veg og fortau. Innvendig kontroll skal avtales med heimelshavar.

SUM kan kontrollere avfall som blir levert på gjenvinningsstasjonane eller anna bringeordning. SUM kan pålegge den som leverer avfallet å dokumentere at avfallet er avfall frå hushald, samt å gi opplysningar om avfallets innhald og opphav. SUM kan kontrollere framlagt dokumentasjon og opplysningar.

SUM skal sjå til at ureining ikkje oppstår på hentestadar, returpunkt, gjenvinningsstasjonar og liknande. Ved brot på ureiningsforbodet kan SUM gi pålegg om rydding eller krevje at

rimelege utgifter til fjerning eller opprydding av ureining vert dekkja av den som er ansvarleg for ureininga.

Den som får pålegg med heimel i denne forskrifta har plikt til å rette seg etter pålegget. For å sikre at pålegg blir gjennomført, kan SUM på vegner av kommunen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

SUM kan vedta gebyr ved brot på føresegnene etter denne forskrifta.

§ 12. Klage

Forvaltningslovas regler gjeld for behandling av saker etter denne forskrifta .


Klage på enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta skal settast fram for SUM. Viss SUM står ved vedtaket blir det oversendt til særskild klagenemnd for SUM. Klagenemndas vedtak kan ikkje klagast på, men kan bringast inn for dei alminnelege domstolane.

§ 13. Unntak frå forskrifta

SUM kan ved særlege høve gjere unntak frå føresegn i denne forskrifta. Unntak skal praktiserast restriktivt og ikkje danne grunnlag for presedens.

SUM kan etter skriftleg søknad midlertidig fritta bestemte eigedommar, også fritidseigedommar, frå lovpålagt innsamling av avfall. SUM kan fastsette nærmare vilkår for unntak. Eigedommar som er innvilga unntak vil ikkje ha tilbod om renovasjonsordning så lenge vilkåra for unntaket er oppfylt. Fritak blir innvilga for inntil eit år av gongen, og kan ikkje gis for mindre enn 6 månadar. Utleverte behaldarar blir henta inn i fritaksperioden. SUM kan berekne gebyr for inn- og utkøyring av behaldarar.

For fritidseigedom vert det berre gitt midlertidig fritak dersom eigedommen er å betrakte som kondemnabel. Fritak kan givast for inntil 3 år av gangen.



§ 14. Ikraftsettjing

Forskrifta trer i kraft 1.1.2021

Denne forskrifta erstattar «*Kommunal forskrift for innsamling m.v. av hushaldningsavfall, tøming av slamavskiljarar, tette tankar m.v. og for gebyr for renovasjon og slamtøming (kalla renovasjonsforskrifta).*» vedtatt av kommunane Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal i følgande vedtak

	Askvoll	Fjaler	Førde	Gaular	Hyllestad	Jølster	Naustdal
Saksnr	76/04	70/04	26/04	47/04	55/04	24/04	21/04
Vedtaksdato	04.06.04	15.06.04	27.05.04	01.07.04	05.05.04	22.06.04	17.06.04

